

SLT Handlingsplan 2025

Samordning av lokale rus- og
kriminalitetsforebyggende tiltak i Aukra



Innhald

BAKGRUNN	2
MÅL MED SLT	3
SLT-MODELLEN - ORGANISERING.....	3
DET STYRANDE NIVÅ = POLITIRÅDET I AUKRA	3
DET KOORDINERANDE NIVÅ = SLT-KOORDINERINGSGRUPPA.....	4
DET UTFØRANDE NIVÅ = JOBBAR DIREKTE MED BARN OG UNGE.....	5
SLT-KOORDINATOR.....	5
TILBAKEBLIKK PÅ 2024	6
MÅL OG TILTAK FOR 2025	9

BAKGRUNN

Visjon: Alle barn og unge skal vere inkludert og kjenne at dei høyre til i Aukra kommune.

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Aukra 2030

Kommuneplanen sin samfunnsdel for Aukra 2030 er overordna i kommunen, og barn og unge er ei av åtte satsingsområde.

Kommuneplanen sin samfunnsdel har følgjande fokus når det gjeld barn og unge:

- Systematisk og tverrfagleg samarbeid skal prege alt arbeid overfor barn og unge. Tidleg innsats er eit kriterium for å lukkast.
- Eit godt fysisk oppvekstmiljø
- Eit godt psykososialt oppvekstmiljø
- Utjamne sosiale skilnader
- Medverknad frå barn og unge

“Betre oppvekst”

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har utarbeidd fire strategimål som satsinga «Betre oppvekst» skal bygge vidare på for å trygge barn og unge sin oppvekst. Dei fire måla er:

- Sikre medverknad
- Betre det fysiske oppvekstmiljøet
- Betre det psykososiale oppvekstmiljøet
- Redusere dei negative konsekvensane av sosiale skilnader

Barne- og ungdomsplanen for Aukra 2021-2030

Ny Barne- og ungdomsplan for Aukra 2021-2030 er styrande for tilsette som jobbar med barn og unge, i tillegg finn vi planarbeid med barn og unge i kulturplanen, rammeplan for barnhagar, handlingsplan mot vald i nære relasjonar, plan for rus/psykisk helse med fleire.

MOT

Aukra kommune er ein MOT- kommune og kommunen har ansvar for å utvikle og forsterke ei felles verdiplattform der vi arbeider for å skape robuste barn og unge.

SLT

SLT er ein samordningsmodell for lokale, førebyggjande tiltak mot rus og kriminalitet. SLT sikrar at dei ressursar som allereie finnes hos kommunen og politiet, blir meir samkøyrde og målretta. SLT-arbeidet inngår som ein del av den heilskaplege satsinga for barn og unge i Aukra kommune frå 0-25 år. Samordninga skal bidra til at barn og unge får rett hjelp til rett tid.

MÅL MED SLT

Det er mange som kvar dag legg ned ein stor innsats for å gje barn og unge betre oppvekstvilkår i Aukra. "Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande tiltak" (SLT) handlar om å gjer denne innsatsen meir effektiv ved å samordna dei gode kreftene i kommunen. Samordninga skal bidra til at barn og unge får rett hjelp til rett tid.

Kriminalitetsførebygging handlar om å satse systematisk på å unngå kriminalitet i staden for å reparere. Det handlar om å analysere korleis problematisk åtferd og kriminalitet oppstår, for deretter å sette inn konkrete tiltak retta mot årsaka til problema. Innsatsen må vere mangfaldig og rettast mot både sosiale miljø, enkeltpersonar og fysiske omgjevnader.

Kriminalitet er ofte nært knyta til andre problemområde og heng saman med samfunnet si generelle førebygging. For eksempel vil tiltak for å førebygge utanforskap eller rusmisbruk blant unge, også førebygge kriminalitet.

Å sikre gode og stimulerande oppvekstvilkår for barn og unge og sørge for tidleg hjelp og støtte vil kunne bidra til mindre problemåtferd, rusmisbruk og kriminalitet.

Ein gjennomtenkt førebyggjande innsats der kunnskap og ressursar vert koordinert i eit forpliktande samarbeid mellom politi, kommune og frivillige aktørar (næringsliv, frivillige organisasjonar, etc.), vil spare mennesket og lokalsamfunnet for store tap.

(SLT-håndboka, Bugge, et. al, 2011)

Link til SLT-handbok:

[SLT-handboken-juni-2021.pdf](#) (konfliktraadet.no)

SLT-MODELLEN - ORGANISERING

I Aukra er det førebyggjande arbeidet organisert etter SLT-modellen sin "gullstandard" som er ein tre-nivåmodell koordinert av SLT-koordinator.

DET STYRANDE NIVÅ = POLITIRÅDET I AUKRA

Føresetnad: Styringsgruppa består av toppleiarar frå kommunen og politiet. I Aukra kommune er politirådet det styrande nivå i SLT-modellen.

Møteverksemd: Fire møter i året à to timer per møte

Deltakarar:

- Ordførar
- Kommunedirektør
- Kommunalsjef for oppvekst og kultur
- Kommunalsjef samfunnsutvikling
- (kommunalsjef helse)

- Kultursjef
- Politistasjonssjef i Molde
- Politikontakt for Aukra
- SLT-koordinator

Mandat:

- Angi klare mål og prioriteringar for rus- og kriminalitetsførebygging og sørge for å innarbeide desse i det kommunale planverket.
- Sørge for innhenting av nødvendig kunnskap om dei felt arbeidet blir retta inn mot.
- Ha det avgjerande ord når det gjeld koordinatoren si faglege verksemd, i samspel med dei nettverk kommunen har etablert i SLT-arbeidet.

Overordna strategimål for politirådet i Aukra, utarbeida 09.06.2020:

- **Førebygging:** Politirådet skal leggje til grunn eit førebyggjande perspektiv.
- **Operativ:** Politirådet skal kunne ta avgjerder av operativ karakter.
- **Tverrfagleg samarbeid:** Politirådet er basert på gjensidig informasjonsutveksling der målet er koordinert innsats.
- **Kommuneplan for Aukra:** Politirådet skal følgje opp kommuneplanen sine satsingar og ha eit spesielt fokus på barn og unge.
- **Samordning av lokale rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeid (SLT):** Det rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeidet skal organiserast etter SLT-modellen

DET KOORDINERANDE NIVÅ = SLT-KOORDINERINGSGRUPPA

Føresetnad: Deltakarane er sentralt plassert innanfor sin arbeidsplass, med myndigheit til å ta avgjersler og nær kjennskap til utfordringane innanfor arbeidsfeltet.

Møteverksemd: Fem møter i året à to timar per møte (årets siste møte er på fire timar og blir saman med "Ung i Aukra" gruppa)

Deltakarar:

- Einingsleiarar frå kultur, innvandring og integrering, NAV, barnehagar, skolar, og heimetenesta
- Leiande helsesjukepleiar
- Kommunalsjef for oppvekst og kultur
- Folkehelsekoordinator
- Pedagogisk rådgivar
- Seksjonsleiar for avdeling «Etterretning, førebygging og etterforskning» ved Molde politistasjon
- Representant frå barnevernet i Molde, Aukra og Vestnes
- Representant frå PPT for Aukra og Molde
- Representant frå fylkeskommunen
- Representant frå næringslivet

Mandat:

- Ansvar for praktisk koordinering av det rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeidet ut frå rammene fastsett av styringsgruppa/politirådet.
- Deltakarane skal vere bindeledd mellom sine einingar og koordineringsgruppa, føre problemstillingar mellom desse og gjennomføre idé- og erfaringsutveksling.

- Ut i frå kunnskapskjelder og erfaring avdekke utfordringar kommunen står overfor.
- Skaffe seg kunnskap om korleis desse utfordringane best kan møtast.
- Fatte slutningar, sette inn tiltak og koordinere innsatsen på tvers av tenestene.

DET UTFØRANDE NIVÅ = JOBBAR DIREKTE MED BARN OG UNGE

Føresetnad: Det utførande nivået må ha god kommunikasjon og godt samarbeid med det koordinerande nivået

Deltakarar: Alle som jobbar direkte med barn og unge f.eks. i kommunen, politiet, frivillige organisasjonar, osv.

Mandat generelt: Ansvar for at måla til politirådet og koordineringsgruppa vert omsett i praksis.

Mandat for “Ung i Aukra” gruppa: “Ung i Aukra” gruppa skal Drøfte utfordringsbildet på tvers av fagfelt og samle informasjon som gir eit heilheitsbilde av trendar og fenomen blant barn og unge i Aukra. Relevant informasjon meldes inn til SLT-koordinerings-gruppa. Gruppa skal også dele informasjon til ungdom via aktuelle kanalar.

Møteverksemd:

- “Ung i Aukra” med fire møter i året à 2 timar
- Månadlege møter à 1 time med politikontakt og SLT-koordinator i Aukra og Molde
- Månadlege møter à 1 time mellom førebyggjarar i politiet og psykisk helse- og rustenesta
- Faste møter kvar veke mellom Molde politistasjon og barnevernet i Molde.
- Faste møter med kriminalitetsførebyggjarane ved Molde politistasjon og helsesjukepleiarar frå Molde og Aukra.
- Månadlege møter à 1 ½ time mellom politi og “ressursnettverk for førebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme” i Molde og Aukra.
- Eventuelle SLT-arbeidsgrupper

Deltakarar i “Ung i Aukra”:

- Ungdomslos
- Miljøarbeidar i kulturavdelinga
- Representant frå Julsundet skole
- Representant frå Gossen barne- og ungdomsskole
- Helsesjukepleiar
- Miljøterapeut frå Innvandring og Integrering
- Politikontakten for Aukra
- SLT-koordinator
- Frivillige lag og organisasjonar (FAU, GIL og Ekko Aureosen)

Det er ei målsetting at ungdomsrådet deltek med to representantar to møter i året.

SLT-KOORDINATOR

SLT-koordinator har følgjande oppgåver:

- Koordinerer det rus- og kriminalitetsførebyggande arbeidet
- Sekretær i det styrande nivå (politiråd)

- Koordinerer og leier det koordinerande nivå, “Koordineringsgruppa” og det utførande nivå, “Ung i Aukra”
- Systematiserer og koordinerer dei ulike nivåa
- Legg til rette for informasjonsutveksling og kunnskapsutvikling med regelmessig møteverksemd
- Skapar prosessar
- Initierer og sikrar iverksetting av tiltak
- Bidreg til at tenestene samordnar seg, oppnår felles problemforståing og målsetting og at tiltak vert gjennomført og evaluert
- Pådrivarfunksjon (motivere og inspirere)

TILBAKEBLIKK PÅ 2024

Ungdata-undersøking vår 2024

Ungdata-undersøkinga blei gjennomført våren 2024 på begge skolar (Gosen barne- og ungdomsskole og Julsundet skole). Det er to undersøkingar, Ungdata – junior og Ungdata – ungdomstrinnet. Rapportane er utarbeidd av Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS midt.

Ungdata – junior er for elevar på ungdomstrinnet frå 5. – 7. trinn. Det var 115 elevar som svarte på undersøkinga, som tilsva 78 %. Ungdata - junior blei gjennomført for 1. gang i 2021.

Ungdata – ungdomstrinnet er for elevar i 8. - 10. trinn Det var 205 elevar som svarte på undersøkinga, som tilsva 91 %. Ungdata-ungdomstrinnet er gjennomført for 4. gang (2014, 2017, 2021 og 2024).

Samandrag frå Ungdata - junior (5. – 7. trinn):

- **Foreldre:** Dei fleste er nøgde med foreldra
- **Venner:**
 - Dei fleste har ein venn dei kan stole på og 91 % har ein fortruleg venn.
 - 16 % svarer at dei ofte er einsame (Noreg 11 %).
 - 4-5 % har ikkje nokon å vere saman med i friminutta eller i fritida
- **Skole:**
 - 59 % er nøgd med skolen dei går på (Noreg 80 %)
 - 85 % kjedar seg på skolen (Noreg 69 %)
 - 32 % gruar seg ofte til å gå på skolen (Noreg 26%)
 - Dei fleste føler seg trygge på veg til og frå skolen
 - 72% brukar minst ein halv time på lekser
- **Fritid:**
 - 96 % føler seg trygge i området der dei bur (Noreg 95 %)
 - 79 % er med på fritidsaktivitet (Noreg 77 %)
 - 61 % driv med sport eller idrett (Noreg 68 %)
 - 19 % spelar instrument eller syng (Noreg 16 %)
 - 16 % er med på teater eller dans (Noreg 13 %)
- **Søvn:** Stor variasjon frå 6-11 timar. 34 % søv mindre enn 7 timar (Noreg 21 %)
- **Skjermtid:** Stor variasjon på kor mykje tid ein brukar framfor skjerm. 29 % seier dei har 3-4 timar skjermtid kvar dag (Noreg 23 %)
- **Mobbing:** 23 % av barn på mellomtrinnet har blitt mobba av andre barn (Noreg 11 %)

- **Negative hendingar på nett:** 49 % har opplevd negative hendingar på nett (Noreg er 33%)
- **Smertestillande:** 29 % har brukt smertestillande medikament den siste veka. Dette er 5 % meir enn i 2021.

Samandrag frå Ungdata – ungdomstrinnet (8.- 10- trinn):

Dei fleste ungdommane er fornøgd med livet sitt . Også i år er det stor forskjell på gutar og jenter. Gutane er mest nøgd.

- **Foreldre:** 87 % er nøgd med foreldra sine. Over 90 % av foreldra veit kor ungdommane er i fritida og kjenner dei fleste vennane dei er saman med.
- **Venner:** 87 % har eller trur dei har ein venn dei kan stole på. Dette er likt mellom gutar og jenter. Tidstrenden er ganske lik -92 % -87 % -89 % -87 %. Det er ei lita auke i kor mange som har vore ute med venner minst 2 gangar den siste veka, 37 % mot 30 % i 2021. Sjølv om det er 87 % som svarar at dei har ein ven, er det 25 % som føler seg einsam
- **Skole:**
 - 43 % bruker minst ein time på lekser kvar dag
 - 60 % i 8. trinn, 56 % i 9. trinn og 46 % i 10. trinn er nøgd med skolen
 - 36 % har skulka minst en gang i løpet av siste skoleår. Det er 10 % meir enn i 2021
- **Lokalmiljø/aktivitetar:** 55 % er nøgd med lokalmiljøet (nedgang frå 67 % -2021) . Variasjon når det gjeld kor nøgd dei er med andre tilbod:
 - Idrettsanlegg: 58 % (62 % i 2021)
 - Lokale å treffe andre på: 63 % (48 % i 2021)
 - Kollektivtilbod: 41 % (48 % i 2021)
 - Kulturtilbod: 51 % (40 % i 2021)
- **Skjermtid:** 72 % av ungdommane bruker 3 timer eller meir foran skjerm dagleg (utanom skolearbeid). 19 % brukar meir enn 6 timar. Gutar mest på elektroniske spel. Jenter mest på sosiale medium.
- **Helse:**
 - 57 % av ungdommane er nøgd med helsa (Noreg 67 %). Det er 10 % færre enn i 2021
 - 19 % av ungdommane har hatt psykiske plager siste veka. Dette er ei lita auke.
 - 25 % har brukt smertestillande siste veka
- **Røyk og snus:** 5 % røyker, 6 % brukar e-sigarettar og 6 % brukar snus kvar dag eller kvar veke (Noreg 3 %, 3 % og 4 %) . Dette er ei auke frå 2021.
- **Alkohol:**
 - 93 % av elevane i 8. trinn på ungdomsskolen drikk ikkje alkohol.
 - 66 % av elevane i 10. trinn drikk ikkje alkohol (80 % i 2021)
 - 18 % av elevane i 10. trinn har vore rusa på alkohol siste året. Tilsvarande tal i 8. og 9. trinn er 5 % og 19 %
 - Tidstrend: 2014: 9 %, 2017: 13 %, 2021: 8 %, 2024: 18 % (Noreg 2024: 13 %)
- **Alkohol og foreldre:**
 - 12 % får lov å drikka av foreldra (Noreg 5 %). 2 % får lov i 8. trinn, 9 % får lov i 9. trinn og 25 % får lov i 10. trinn.
 - 66 % får ikkje lov å drikka av foreldra (Noreg 80 %)
 - 22 % veit ikkje om dei får lov (Noreg 15 %)
- **Hasj og marihuana:** 7 % av elevane har brukt hasj eller marihuana det siste året (Noreg 4 %). Tidstrend: 2014: 2 %, 2017: 1 %, 2021: 3 %, 2024: 7 %
- **Tilbod om hasj og marihuana:** 20 % har fått tilbod om hasj og marihuana det siste året (Noreg 18 %): Tidstrend: 2014: 8 %, 2017: 10 %, 2021: 14 %, 2024: 20 %
- **Mobbing, vald og trakassering:**
 - 14 % av gutane og 8 % av jentene blir mobba minst kvar 14. dag

- 8 % av jentene og 2 % av gutane blir mobba, trua eller utestengd på internett minst kvar 14. Dag
- 31 % har vore utsett for vald frå jamaldringar
- 7 % har vore utsett for vald frå ein vaksen i familien

Helsesista

I samband med 10-årsfeiringa av Gossen barne- og ungdomsskole i 2023 ønskte ungdomane å få Helsesista til Aukra. FAU ved skolen tok initiativet vidare og etablerte samarbeid med kommunen sin SLT-koordinator.

Tilskotsmidlar som dekkar utgiftene til Helsesista kom frå følgjande:

- Sekretariatet for konfliktrådene
- Tilskot til frivillige lag og organisasjonar i nærmiljøet (Aukra kommune):
- Tilskotsmidlar til «SNAKKE» frå Statsforvaltaren
- Teftmidlar – sparebanken Møre

Hausten -24 kom Helsesista til Aukra. Gjennom foredraget «Våg å vere» møtte Helsesista ungdomsskoleelevane på dagtid. Tale Maria Krohn Engvik kom inn på tema som handlar om kjensler, tankar, kommunikasjon, kropp, prestasjonar, status, stress og om kven ein vel å vere i møte med andre menneske. Målet var å inspirere og få elevane til å tenke og stå for det dei trur på.

På kvelden møtte ho dei føresette gjennom foredraget «Våg å vere vaksen». Arrangementskomiteen som bestod av FAU frå begge skolar, SLT-koordinator og skolehelsetenesta har gjort forarbeid med å briefe Tale Maria Krohn Engvik slik at foredraget blei mest mogleg skreddarsydd til dei lokale behova.

I møte med dei føresette delte Helsesista tankar om korleis foreldre kan gje ungdommane tryggleik og vere eit gode førebilete. Ho hadde også innfallsvinklar på korleis vi kan møte ungdommane med respekt og nysgjerrigheit for å skape ein god relasjon som varer gjennom det som kan vere ei turbulent ungdomstid.

Etter foredraget med foreldra blei det lagt opp til presentasjon av utvalde svar frå Ungdataundersøkinga etterfølgt av ei spørjeundersøking ved hjelp av menti.com

Rusførebygging i Aukraskolen

SLT-koordineringsgruppa utnemnde våren 2023 ei arbeidsgruppe som skulle utarbeide rutine for rusførebygging i Aukra-skolen. Rutinen var ferdig utarbeid hausten 2024.

Dei involverte partar i rutinen er:

- Skole
- Skolehelsetenesta
- Kriminalitetsførebyggarane i politiet
- Psykisk helse og rus
- Kulturavdelinga
- FAU

Rutinen er basert på Kjentmann-ordninga til KORUS som er ei beredskapsordning for skolen. Dei som er vald ut til å vere kjentmann, blei påmeldt KORUS sitt Kjentmann-kurs og har fullført tre bolkar med to-dagars kurs i Ålesund hausten og vinteren 2024/2025. I tillegg til dei utnemnde kjentmann i skolen

har også skolehelsetenesta, ungdomsLOS og SLT-koordinator delteke på same kurs. Det rusførebyggande arbeidet og samarbeidet mellom partane blir styrka når fleire får same kunnskapsløft og forståing. Rutinen ligg tilgjengeleg i Compilo, samhandlingsmodellen og Teamsgruppa for SLT.

Førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme

Mentoropplæring:

Det blei gitt tilskot pålydande kr. 50 000,- frå Sekretariatet for konfliktrådene Sfk til opplæring av to nye mentorar i arbeidet med førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme mars 2022. Hausten 2024 kom vi i mål med denne opplæringa gjennom RVTS vest sitt opplæringsprogram i Bergen. Det er i dag fire mentorar i Aukra (skole, NAV, Innvandring og integrering og SLT-koordinator)

Det blei søkt nytt tilskot til Sfk innan fristen 01.12.24 pålydande kr. 40 000,- med følgande :

- Rus og kriminalitetsførebyggande arrangement for ungdom i Aukra (Seek & find).
- Kompetansehevande kurs/seminar for Aukra sine mentorar
- SLT-seminar for dei som har eit rus og kriminalitetsførebyggjande ansvar for barn og unge i Aukra (tilsette og foreldre)
- Reise og bevernting i samband med deltaking i Molde kommune sitt ressursnettverk "Førebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme".

Følgande orienteringar er gjennomført:

- Orientering frå samarbeidsmøte om ungdomskriminalitet mellom politiet og alle kommunar i Møre og Romsdal våren 2024
- Presentasjon av Ungdata-undersøkinga
- Presentasjon av rutinen «Rusførebygging i Aukraskolen»
- Presentasjon av gruppearbeid frå Ungdata-resultata i SLT-koordineringsgruppa
- Tilbakemeldingar om situasjonsbildet frå politiet
- BTI - Betre tverrfagleg innsats – Status og vegen vidare utan prosjektmidlar
- Vegen mot ny russefeiring, nasjonalt og lokalt
- Radikalisering og valdeleg ekstremisme – tilskot og status for arbeidet
- Orientering om eit utval av svar frå årleg MOT-undersøkinga i Aukra.
- Miljøarbeidarane i kulturavdelinga og deira arbeid med møteplassar for ungdom
- Presentasjon av svar frå spørjeundersøking på arrangementet Helsesista - Kva er foreldra uroa for og kva treng dei for å delta i førebyggingsarbeidet?
- Presentasjon av Tyriliseret i Molde

MÅL OG TILTAK FOR 2025

SLIK VIL VI HA DET - GENERELT	SLIK GJER VI DET	ANSVAR	TIDSPUNKT
1.Tett samarbeid og oppdatert kunnskap om oppvekstmiljøet og kriminalitetsbildet	1.1 Ungdata 2024 - Nytte Ungdata-resultata som kunnskapsgrunnlag inn i SLT-arbeidet	- Styrande nivå - Koordinerende nivå - Utførande nivå	Gjennom heile 2025
	1.2 Politiråd (det styrande nivå) - Følgje strategiplan for politirådet - Prioritering for kommunen sitt SLT-arbeid - Fire årlege treffpunkt for å dele kunnskap og erfaring - Styrke det førebyggande arbeidet - Sikre informasjonsflyt mellom nivåa i SLT-modellen - Innhente nødvendig kunnskap	- Styrande nivå - SLT-koordinator	Tysdag 04.03.25 kl. 1310-1510 Tysdag 17.06.25 kl. 1310-1510 Tysdag 30.09.25 kl. 1310-1510 Tysdag 09.12.25 kl. 1310-1510
	1.3 Koordineringsgruppa (Det koordinerende nivå) - Fire SLT-møter - Eitt arbeidsseminar med evaluering og planlegging for neste år. - Dele bekymringar rundt barn og unge samt dele informasjon frå sin teneste/organisasjon (tiltak/tilbod/aktivitetar). - Drøfte problemstillingar og sette inn nødvendige tiltak. - Etablere nødvendige arbeidsgrupper for meir utredning og forslag til løysingar av eventuelle problemstillingar. - Dialog og deling av informasjon i SLT Teams-gruppa - Deling av informasjon på mail - Kvar enkelt vidareformidlar kunnskap på sin arbeidsplass. - Sikre informasjonsflyt mellom nivåa i SLT-modellen	- Koordinerende nivå - SLT-koordinator	Onsdag 12.02.25 kl. 1310-1510 Onsdag 02.04.25 kl. 1310-1510 Onsdag 11.06.25 kl. 1310-1510 Onsdag 24.09.25 kl. 1310-1510 Onsdag 26.11.25 kl. 1310-1500 (SLT-seminar onsdag 26.11.25, kl. 1500-1800)
	1.4 Det utførande nivå - Fire møter i "Ung i Aukra"- gruppa - Månadlege samarbeidsmøte mellom politikontakt og SLT-koordinator. - Månadlege samarbeidsmøte mellom avdeling for psykisk helse og rus og politiet angående ruskontrakt, trendar og situasjonsbildet. - Ukentlige møte mellom barnevern og politiet - Fast møteverksemd mellom politiet i Molde og helsesjukepleiarar i Molde og Aukra. - Månadlege møter mellom politiet og ressursnettverket for førebygging av	- «Ung i Aukra» gruppa - SLT-koordinator - Det koordinerende nivå - Det utførande nivå	«Ung i Aukra»: Måndag 03.03.25, kl. 1400-1545 Måndag 19.05.25, kl. 1400-1545 Måndag 15.09.25, kl. 1400-1545 Onsdag 26.11.25 kl. 1310-1500 (Ung i Aukra + SLT-koordineringsgruppa)

	<p>radikalisering og valdeleg ekstremisme i Molde og Aukra.</p> <ul style="list-style-type: none"> - SLT-arbeidsgrupper ved behov. 		(SLT-seminar onsdag 26.11.25, kl. 1500-1800)
	<p>1.5 SLT - seminar 2025</p> <ul style="list-style-type: none"> - Etablere arbeidsgruppe - Invitere aktuelle foredragshaldarar (lokale og eksterne). - Lage og sende ut invitasjon - Praktisk (servering, lokale, etc.) 	<ul style="list-style-type: none"> - SLT-koordinator - Det koordinerende nivå - Det utførande nivå - Arbeidsgruppe for SLT-seminar 	<p>Planlegging: Vår 2025</p> <p>SLT-seminar onsdag 26.11.25, kl. 1500-1800</p>
	<p>1.6 Auke kunnskap</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vere oppdatert på oversiktsarbeidet i kommunen for å auke kunnskapen om utfordringsbildet. - Auke kunnskap i SLT-nettverket gjennom informasjon om aktuelle tema. 	<ul style="list-style-type: none"> - Folkehelsekoordinator - Det styrande nivå - Det koordinerende nivå - Det utførande nivå - Eksterne samarbeidspartar 	Pågåande arbeid gjennom heile året.
	<p>1.7 Synleggjering av SLT-arbeidet</p> <ul style="list-style-type: none"> - Oppdatert informasjon om SLT-modellen på kommunen si heimeside. - Gjer SLT-arbeidet kjent for tilsette og innbyggjarar. 	<ul style="list-style-type: none"> - SLT-nettverket - SLT-koordinator 	Pågåande arbeid gjennom heile året.

SLIK GJER VI DET (DELMÅL) - BYGGANDE	SLIK GJER VI DET	ANSVAR	TIDSPUNKT
2. Vidareutvikle eit trygt og inkluderande miljø for barn og unge	<p>2.1 Kontakt med lag/foreningar/frivillige</p> <ul style="list-style-type: none"> - Utveksle erfaringar, dele kunnskap om barn og unge og om førebyggjande arbeid. - Drøfte korleis vi kan samarbeide og utfylle kvarandre best mogeleg. 	<ul style="list-style-type: none"> - Det koordinerende nivå - Det utførande nivå - SLT-koordinator - Politikontakt 	Pågåande arbeid gjennom heile året.
	<p>2.2 Kontakt med foreldre</p> <ul style="list-style-type: none"> - Opprette vidare kontakt med FAU på Julsundet skole og Gossen barne- og ungdomsskole. - Opprette kontakt med foreldre i barnehagane - Sjå på andre mogelege kanalar for å spreie informasjon. - Nytte seg av Visma dersom viktig informasjon må delast med foreldre. - Dele aktuell informasjon i sosiale media kanalen "Ung i Aukra" 	<ul style="list-style-type: none"> - SLT-koordinator - Det koordinerende nivå - Det utførande nivå - Politikontakt 	Pågåande arbeid gjennom heile året
	<p>2.3 Møteplass for ungdom med fast vaksenperson</p> <ul style="list-style-type: none"> - Gjennomføre årlege møter med foreldrevakter og natteravnar for "Open kveld" og månadlege arrangement. - Tryggleiksvandring i skolekretsen 	<ul style="list-style-type: none"> - Kulturavdelinga - SLT-koordinator - Politikontakt - FAU på GBU og JUSK 	<p>Foreldremøte: Onsdag 04.06.25</p> <p>Tryggleiksvandring: Gjennom heile året</p>

	<ul style="list-style-type: none"> - Planlegge og gjennomføre ungdomsaktiviteten Seek & find 		Seek & find: Fredag 19.09.25
	2.4 MOT <ul style="list-style-type: none"> - Følgje opp begeistringsdagar - Involvere unge motivatorar og unge MOT leiarar i SLT-arbeidet 	<ul style="list-style-type: none"> - Det styrande nivå - Det koordinerande nivå - Det utførande nivå 	Pågåande arbeid gjennom heile året
	2.5 Informasjonskanalar <ul style="list-style-type: none"> - Vidareutvikle "Ung i Aukra" - Informasjonskanal til ungdom gjennom sosiale media og kommunens nettsider (også nyttig for foreldre). 	<ul style="list-style-type: none"> - Det koordinerande nivå - Det utførande nivå - Ung i Aukra-gruppa - SLT-koordinator 	Pågåande arbeid gjennom heile året

SLIK VIL VI HA DET – FØREBYGGANDE	SLIK GJER VI DET	ANSVAR	TIDSPUNKT
3. Styrke systematisk rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeid retta mot alle (førebyggjande)	3.1 Opplysning til barn og unge <ul style="list-style-type: none"> - Førebyggjande undervisningsopplegg (til dømes «Delbart») - Livsmeistringsprogrammet "Livet og sånn" - Vurdere saman med skole kva det inneberer å bli ein Dembraskole - Følgje opp rutine for Rusførebygging i Aukraskolen og kjentmann-arbeidet 	<ul style="list-style-type: none"> - SLT-koordinator - Det koordinerande nivå - Det utførande nivå i skole, skolehelsetenesta og politi - SLT-koordinator - Pedagogisk rådgivar i Aukra 	Følgjer skolen sitt årshjul
	3.2 Opplysning til vaksne <ul style="list-style-type: none"> - Informasjon til foreldre om rus og ungdomstid - Opplyse om webinar/kurs for foreldre 	<ul style="list-style-type: none"> - Skole - Barnehage - Kulturavdeling - Det koordinerande nivå - Det utførande nivå - SLT-koordinator 	Foreldremøte for foreldre med barn i 7. trinn 04.06.25 Regi: kulturavdelinga Andre deltakarar: SLT-koordinator, psykolog Foreldremøte for foreldre med barn/ungdom i 7. 8. 9. og 10. Trinn 16.09.25. Regi: skolen Andre deltakarar: Politi, kulturavdeling, SLT-koordinator
	3.3 Psykisk helse <ul style="list-style-type: none"> - Følgje opp arbeidet med barn og unges helsetenester i Møre og Romsdal - Organisere arbeidet til det beste for barn og unge etter ny plan for psykisk helse og rus i Aukra 	<ul style="list-style-type: none"> - Heimetenesta - Det koordinerande nivå 	Pågåande arbeid gjennom heile året
	3.4 Rutine/plan for rusførebygging i Aukra <ul style="list-style-type: none"> - Etablere rutinar for rådgivande eining for rus-saker og rusproblematikk blant ungdom (U18) 	<ul style="list-style-type: none"> - Heimetenesta - SLT-koordinator - Det koordinerande nivå 	Pågåande arbeid gjennom heile året

	<ul style="list-style-type: none"> - Etablere rutinar for frivillige ruskontraktar i Aukra 		
	<p>3.5 Radikalisering og valdeleg ekstremisme</p> <ul style="list-style-type: none"> - Følgje opp arbeidet i «Rettleiar ved bekymring for radikalisering og valdeleg ekstremisme». - Kompetanseheving for Aukra sine fire mentorar - Delta i Molde kommune sitt ressursnettverk mot radikalisering og valdeleg ekstremisme. - Søke midlar for 2026 	<ul style="list-style-type: none"> - Det koordinerande nivå - Det utførande nivå - SLT-koordinator - Radikaliseringskontaktane i Aukra - Mentorane i Aukra 	Månadlege møter med ressursnettverket mot radikalisering og valdeleg ekstremisme i Molde og Aukra

SLIK VIL VI HA DET - KRIMINALITETSFØREBYGGANDE	SLIK GJER VI DET	ANSVAR	TIDSPUNKT
4. Systematisk oppfølging av barn og unge i risiko og/eller barn og unge som har utvikla vanskar	<p>4.1 Betre tverrfagleg innsats (BTI)</p> <ul style="list-style-type: none"> - Bidra til implementering av BTI-handlingsrettleiar og stafettlogg - Arbeide vidare med å gjer BTI-modellen kjent for alle i kommunen 	<ul style="list-style-type: none"> - Det koordinerande nivå - Det utførande nivå - Alle som direkte og indirekte jobbar med barn og unge i Aukra - BTI-team 	Pågåande gjennom heile året
	<p>4.2 Tydeliggjering av roller og ansvar</p> <ul style="list-style-type: none"> - Intern avklaring på kven som har ansvar for kva når det gjeld oppfølging av barn og unge i risiko og barn og unge med omfattande vanskar (rutinar skal ligge tilgjengeleg i Compilo og samhandlingsmodellen) - Følgje opp førebyggjande plan som blei vedtatt av kommunestyret november 2024 - Informere foreldre om deira og kommunen sitt ansvar. - Følgje opp nasjonal rettleiar for "Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier" (IP, barnekoordinator, alminneleg koordinator). - Etablere tverrfagleg møteforum til det beste for utsette barn og unge - Følgje opp arbeidet med barn og unge sine helsetenester i Møre og Romsdal 	<ul style="list-style-type: none"> - Det styrande nivå - Det koordinerande nivå - Det utførande nivå - Heimetenesta 	Pågåande arbeid gjennom heile året.

	4.3 Oppfølging av barn og unge som har utført lovbrøt - Sikre tett samarbeid med interne og eksterne aktører blant anna konfliktrådet og politiet når det gjeld frivillige ruskontraktar, ungdomsstraff og ungdomsoppfølging.	- Koordinerende nivå - Utførende nivå - Politiet	Arbeidet er aktuelt gjennom heile året.
--	---	--	---